



Nordhordland Sykkelklubb

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2348 - 14/15248

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

23.06.2014

## Svar på søknad om løyve til å halde barnerittet Tour of Norway for Kids - Lonsvegen

Teknisk drift syner til brev datert 04.06.2014 vedkommande søknad om løyve til å arrangere barnerittet Tour of Norway i Lonsvegen. Teknisk drift vil gje løyve til å halde løpet på den planlagte ruta frå indrettsanlegget ved Lonsvegen og fram til krysset ved Langheiane bustadfelt.

I det rittet går ut i kommunal veg skal det være nok vaktar til at ein, til ei kvar tid, er sikker på at ingen born kjem i konflikt med eventuelle kjøretøy. Vaktane skal være godkjent for arbeid på veg etter eige regelverk. Ta kontakt med Nordhordland lensmannskontor v/Einar Vatne for avklaring av vakthald. Det skal orienterast skriftleg til alle uttrykkingsetater (politi, ambulande, brann) om at det skal føregå sykkel løp i Lonsvegen den 8. juli i tidspunktet 17.30- 20.00. Omkjøringsmuligheit skal være skissert i denne orienteringa. Uttrykkingskjøretøy må likevel kunne kjøre inn i området dersom dette er nødvendig.

Det skal på kvar side av løpet, i passande avstand, setjast opp informasjonsskilt om at løp pågår og tidsrommet. I tillegg skal løpet annosert i lokalavisa. Informasjon om stenging av veg skal være på plass i god tid før vegen vert stengt.

Når det gjeld parkering i forkant av løpet må De sørge for at det er nok vaktar til at kjøretøy vert dirigert der det er parkeringsplassar slik at kjøretøy ikkje vert parkert langs vegen. Det er viktig at det ikkje vert parkert langs vegbana slik at framkommeligheit for uttrykkingskjøretøy vert hindra. Det skal sjølvsakt ryggast opp etter rittet.

Elles ynskjer vil Dykk lykke til med arrangementet.

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM





**Mottakarar:**  
Nordhordland Sykkelklubb